



Arkivnr: 2015/7302-6

Saksbehandlar: Hanne Alver Krum

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Innføring av ny takstsonestruktur i Hordaland**Samandrag**

Fylkestinget i Hordaland har vedteke å redusere talet på takstsoner for kollektivtrafikken i fylket frå 470 til sju. Skyss vart i mars 2017 gitt mandat til å starte arbeidet med å førebu innføring av den nye sonestrukturen, og i budsjettet for 2018 vart det vedteke at innføring skal skje frå 1. august 2018.

I fylkestingssak 19/2017 gjorde fylkesrådmannen greie for korleis ein ville jobbe med innføringa av ny sonestruktur. I denne saka vert endeleg grense for ny sone Bergen lagt fram, i tillegg til detaljerte sonegrenser i resten av Hordaland. Ein vil også gjere greie for ny prisstruktur som følgje av dei nye sonene.

Arbeidet med å innføre den nye takstsonestrukturen er godt i gang, men det er mykje som skal gjerast og tida er knapp. Fylkesrådmannen understreker derfor at det er særskilt viktig at ein får eit vedtak som gjer at Skyss kan ferdigstille sonegrensene og prisstrukturen som følgjer av endringane i høve tidsplan som er utarbeidd for innføring 1. august.

Økonomi: I 2018 er det budsjettert med eit inntektsbortfall på 18 mill. kr som følgje av omlegginga. Samla årleg inntektsnedgang som følgje av sonetakstreduksjonen er rekna til 40 mill. kr.

Klima: Endring i takstsonestrukturen vil gjøre det enklare å reise kollektivt og vil dermed ha positive klimaeffektar ved at fleire vel å nytte kollektivtransport.

Folkehelse: Enklare reiser gir fleire reisande med kollektiv reisemiddel og færre bilistar, noko som er positivt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Kopling til Kollektivstrategi for Hordaland.

Forslag til innstilling

- Endeleg grense for sone Bergen/sone 1 inkluderer kommunane Askøy, Fjell, Sund, Øygarden, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Os
- Detaljerte sonegrenser vert sett i høve kartet som er presentert i denne saka
- Fylkesrådmannen vert gitt fullmakt til å innføre ny takstsonestruktur i Hordaland frå 1. august innanfor dei rammene og med den prisstrukturen som vert presentert i denne saka

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.01.2018

Bakgrunn

Ein synet til tidlegare politiske saker og notat frå politisk styringsgruppe som vart lagt fram for Fylkestinget i Hordaland våren 2016. Styringsgruppa jobba frå november 2015 saman med administrasjonen for å komme med eit framlegg til ny takst- og sonestruktur i Hordaland, og la fram eit notat med tilråding om sju takstsoner i Hordaland. Dette vart stadfesta av Fylkestinget og i samband med budsjettetthandsaminga for 2018 vart det vedteke innføring av ny takstsonestruktur i Hordaland 1. august 2018.

Ny takstsonestruktur i Hordaland er eit viktig tiltak for å gjere det lettare å reise kollektivt i heile fylket. Målet med forenkling er å få fleire kollektivreisande, slik det er skildra i Kollektivstrategi for Hordaland – utvikling fram mot 2030. Potensialet for auke i talet på reisande må sjåast i eit lengre tidsperspektiv, og i samband med utvikling av arbeids- og bustadmarknaden i heile regionen.

Det er ønskeleg med ein stor grad av fleksibilitet i løysinga for takstsoner, slik at ein legg til rette for å kunne gjere framtidig tilpassing til endringar i infrastruktur og samferdselsmønster, arbeidsmarknad og busetjing. I den politiske styringsgruppa som har arbeidd med saka har det vore tydeleg at det framtidige målet vil vere ei ytterlegare forenkling, og at ein gjennom å velje ein modell med sju store, geografiske soner legg til rette for dette.

Modellen med sju soner er enkel å forstå, bruke og informere om. Svært få vil krysse soner i denne modellen, og effekten av sonehopp får dermed relativt lite å seie økonomisk for Skyss. Dei aller fleste kollektivreisande, om lag 95 prosent, vil reise innanfor ei sone.

Utvila sone Bergen

I fylkestingssak 19/2017 vart sone Bergen definert som heile Sotra, Askøy, Øygarden, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Os og vestsida av Samnangerfjorden.

Administrasjonen har jobba med å greie ut konsekvensar av sonegrensene slik dei vart lagt fram og justeringar av desse. Særleg har ein sett nærmere på grensa mellom sone 1 og 6 (sjå kartet under), mellom Samnanger kommune og Bergen/Os.

I det opphavelege framlegget var vestsida av Samnangerfjorden inkludert i sone 1, medan resten av Samnanger kommune var plassert i sone 6. I praksis deler ein då Samnanger kommune ved Bjørkheim. I ei slik løysing, vil 33 prosent av dei reisande i kommunen reise innanfor same sone. Dei som pendlar ut av kommunen vil i stor grad reise innanfor same sone, medan mange lokale reiser vil krysse ei av dei nye sonegrensene. For Samnanger kommune vil dette føre til ei kostnadsauke knytt til skuleskyss på om lag 350 000 kroner i året samanlikna med i dag, fordi 91 av skuleborna i kommunen med rett til skuleskyss bur i området vest for Bjørkheim. For Hordaland fylkeskommune vil ei slik løysing gi ei auke i inntektene på om lag 440 000 kroner i året.


Om Samnanger kommune er del av sone 1, vil om lag 76 prosent av dei reisande i kommunen reise innanfor éi sone. For Hordaland fylkeskommune vil inntektsbortfallet vere på om lag 250 000 kroner per år, samanlikna med om kommunen er del av sone 6. Dersom Samnanger vert plassert i sone 6 vil om lag 47 prosent av dei reisande frå Samnanger reise innanfor éi sone. For kommunen vil ei slik justering bety ei kostnadsreduksjon knytt til skuleskyss på om lag 11 500 kroner i året.

Sone Bergen/sone 1 vert i ny modell monaleg større og tar omsyn til dei store pendlarstraumane frå nord, vest og sør. Å inkludere Samnanger kommune i sone 1 vil kunne få følgjer for sjølve modellen med sju soner. Sone 6 vil bli mindre, og fleire av dei same argumenta som gjeld Samnanger kommune er òg gjeldande for Vaksdal, til dømes avstand og reisetid til Bergen, grense mot Bergen kommune, pendlings- og reisemønster. Dersom ein også inkluderer Vaksdal kommune vil sone 6 i praksis falle vekk, og det vil berre vere eit sonehopp frå Bergen til Voss. Dette vil ha konsekvensar for heile reknestykket bak den nye takst og sonestrukturen.

Etter ei samla vurdering av pendlardata, skulekretsar og kommunegrenser er tilrådinga frå fylkesrådmannen såleis at heile Samnanger kommune, inkludert Solbjørg, Gullbotn og Årland og Gaupholm, vert plassert i sone 6, slik kartet under viser. Ei slik løysing balanserer fleire tilhøve. For dei reisande i Samnanger kommune vert det for over 90 prosent anten uendra eller lik pris som i dag, og for kommunen vil kostnadane til skuleskyss verte som i dag. For Hordaland fylkeskommune vil inntektstapet verte noko mindre enn om heile kommunen vert lagt inn i sone 1.

Administrasjonen har sett nummer på dei nye sonene slik: ny og utvida sone Bergen vert sone 1, områda rundt Bjørnefjorden vert sone 2, Sunnhordland vert sone 3, Hardanger sone 4, Voss, Granvin og Ulvik vert sone 5, Samnanger, Kvam, Vaksdal og Modalen sone 6 og Masfjorden sone 7.

Fylkesrådmannen tilrår at sone Bergen og nummerering av dei nye sonene vert slik det går fram av kartet under.




Endelege sonegrenser i ny takstsonestruktur

På bakgrunn av fylkestingssak 19/2017 har Skyss fintekna sonegrensene i dei sju framtidige sonene, i samarbeid med konsulentenskapet COWI som har gitt sine tilrådingar. I hovudsak er sonene avgrensa av naturlege grenser sett av fjord og fjell. Der dette ikkje var mogeleg, har ein tatt omsyn til pendlar-, passasjer- og elevstraumar, skulekrinsar, kommunegrenser, tettstader, naturlege knutepunkt osb. Nokre av forslaga vil derfor føre til at dei nye sonegrensene kryssar eksisterande soner, kommunegrenser eller buss- og vegforbindelsar.

I dei tilfella der Skyss har foreslått justeringar på grensene slik dei var presenterte i fylkestingssak 19/2017, har ein invitert dei kommunane dette hadde følgjer for til å komme med innspel og tilbakemeldingar på dei føreslalte sonegrensene i kommunen. Administrasjonen har ikkje motteke innspel frå andre kommunar enn Samnanger.

Fylkesrådmannen tilrår at grensene mellom sonene i ny sonestruktur vert slik det går fram av kartillustrasjonane under.



Prisstruktur

Som varsla i fylkestingssak 19/2017 har administrasjonen også gått gjennom billettar og rabattar som del av arbeidet med ny takstsonestruktur. Nokre endringar vart gjort i budsjettvedtaket for 2018, med verknad frå 1. februar 2018.

Følgjande endringar og justeringar vert tilrådd frå og med innføring av ny takstsonestruktur:

Enkeltbillett er gyldig i 90 minutt + 30 minutt for kvar sonepassering

Gyldigheit for enkeltbillett er vurdert som eit kompromiss mellom at dei reisande skal kunne gjennomføre lengre reiser mellom soner samstundes som ein vil avgrense moglegheita til å nytte billettar til tur/returreiser. Hordaland er eit geografisk stort område, med lange avstandar. Administrasjonen tilrår derfor at billettane bør være gyldige i 90 minutt, som i dag, og at ein får eit tillegg på 30 minutt for kvar sone ein kryssar. Dersom billetten går ut før ein skal om bord på neste transportmiddel må den reisande kjøpe ny billett.

Prisauke på 50 prosent ved første sonepassering, og deretter 100 prosent ved neste

Prisen vert runda opp til nærmaste krone. T.d. vil pris for enkeltbillett gå opp med 20 kroner ved første sonehopp, frå 37 til 57.

Makspris på tre soner for periodebillettar

I den nye takstsonestrukturen kan ein aldri reise meir enn fire soner. For enkeltbileetter vil såleis makspris svare til pris for fire soner.

For periodebillettar tilrår administrasjonen ein makspris på tre soner. I den nye sonestrukturen er det lite truleg at nokon vil kjøpe periodebillett for meir enn tre soner, og prisen ville bli svært høg for fire soner. Eit slik prinsipp er også i tråd med prisstruktur andre stader i Noreg.

Ombordtillegg i sone 1

Ombordtillegg vert tilrådd vidareført for kjøp av enkeltbilletter i heile sone 1. Unntak er gjennomgående billettar og kombinasjonsbillettar som ikkje vert selde i mobil-app.

Ein føresetnad for desse tilrådingane er at sonegrensene vert vedtekne slik forslaget ligg føre i denne saka. Større endringar i sonegrensene kan gjere at ein må revurdere prisauke ved sonepassering og eventuelt også gyldighet for enkeltbillett.

Budsjettert inntektsbortfall

Budsjettering av inntektsbortfallet knytt til soneendringa er for 2018 gjort for fem månadar, budsjettert med 18 mill. kr. I 2019 får ein heilårseffekt av ny sonestruktur. Det vert budsjettert med at den vil ha ein negativ inntektseffekt på omlag 22,0 mill. kr utover verknaden på 18 mill. kr i 2018, slik at samla inntektsnedgang som følgje av endringa i takstsoner er rekna til 40 mill. kr. Tilrådingane i denne saka er i tråd med føresetnadane som er lagt til grunn for desse utrekningane.

Fylkesrådmannen vil gjennomgå kva verknad reduksjonen i takstsoner har for tida etter 2020 og den nye fylkeskommunen er etablert, og vil som varsla i budsjetthandsaminga komme attende til dette i eiga sak.

Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen meiner at omlegginga til sju takstsoner i Hordaland er ein naudsynt og viktig endring for å legge til rette for vidare utvikling av kollektivtrafikken i fylket. Etter fylkesrådmannen sitt syn vert heilskapen i den nye soneinndelinga god, med ei løysing som tek omsyn til dei reisande sine behov samstundes som ein sikrar inntekter frå kollektivtrafikken.

Endeleg grense for sone Bergen/sone 1 og detaljerte sonegrenser vert fastsett slik det går fram av saka og kartutsnitta som er presentert i denne.

Skyss jobbar vidare med innføringa av ny takstsonestruktur i Hordaland frå 1. august 2018 i tråd med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.

Arbeidet med å innføre den nye takstsonestrukturen er godt i gang, men det er mykje som skal gjerast og tida er knapp. Fylkesrådmannen understreker derfor at det er særsviktig at ein får eit vedtak som gjer at Skyss kan ferdigstille sonegrensene og prisstrukturen som følgjer av endringane i høve tidsplan. Mellom anna av omsyn til fakturering av skuleskyss vil neste moglege dato for endring vere 1. februar 2019 dersom ein ikkje får til innføring 1. august i år.